

Fra forskrift til opplæringslova:

## Kapittel 1B Skolefritidsordninga

### § 1B-1. Reduksjon i foreldrebetalinga for elevar på 1.-4. årstrinn

Vis lovtekst

Kommunen skal etter søknad gi reduksjon i foreldrebetalinga for skolefritidsordninga på 1.-4. årstrinn slik at den per elev utgjer maksimalt seks prosent av inntektene til hushaldet, dersom:

- a. foreldrebetalinga for eitt skoleår utgjer meir enn seks prosent av inntektene til hushaldet det siste året, eller
- b. det er ein varig nedgang i inntektene til hushaldet inneverande år som gjer at foreldrebetalinga for eitt skoleår utgjer meir enn seks prosent av inntektene til hushaldet.

For søknader før 1. august gjeld kommunen sitt vedtak frå 1. august og ut skoleåret. Blir det søkt etter 1. august, gjeld vedtaket frå første heile måned etter søknadstidspunktet og ut skoleåret.

Betaling for kost kan komme i tillegg.

0 Tilføyd ved forskrift 2 juli 2020 nr. 1492 (i kraft 1 aug 2020), endra ved forskrift 20 juni 2021 nr. 2116 (i kraft 1 aug 2021).